

# FOGN KYRKJE



## ÅRSRAPPORT 2020

# ÅRSRAPPORT - FOGN KYRKJE - 2020

Tekst: Heidi Bø Sangedal / Design: Bernt Sunde

## INNHOLDSLISTE

01. COVER / FORSIDE
02. CREDIT
03. INDEKS / INNHOLDSLISTE

## 04. DEL 1

### 05. ANSVARSKOMITÉEN / ANG. COVID-19

### 06. BIBELLESING

07. BIBELMARATHON [Bilde]
08. BIBELDRAMA [Bilde]

### 09. ORDINÆRE GUDSTENESTER / ORGANISTVIKAR

10. ÅRETS KONFIRMANTAR [Bilde]
11. DRIVE-IN GUDSTENESTE 1 [Bilde]
12. DRIVE-IN GUDSTENESTE 2 [Bilde]
13. FRILUFTSGUDSTENESTE / ALLSANG UTE [Bilde]

### 14. BØNN OG LOVSANG / ME SYNG JULA INN

15. ME SYNG JULA INN [Bilde]
16. JUL I FOGN KYRKJE [Bilde]

### 17. DUGNADER / ANSVARSKOMITÉEN

18. DUGNAD / ARBEID 1 [Bilde]
19. DUGNAD / ARBEID 2 [Bilde]

## 20. DEL 2

### 21. TØFFOGNÅDIG / HOBBY OG TRU / KVELDSMØTE

22. SAMLING MED TRUSOPPLÆRAR / TORSDAGSCAFÉ [Bilde]

### 23. TORSDAGSCAFÉ / KOMLEMIDDAG / KONFIRMANTJUBILÉUM

### 24. FRIVILLIGE / KYRKJEKAFFI / VASKEDUGNAD / TEKSTLESARAR

### 25. PLAKATAR / PYNTING / LYD OG LYS / FILMING

## 26. DEL 3

### 27. AVSLUTNING / TAKK

28. BAKSIDE

Del I.  
[KYRKJELEG ÅRSRAPPORT]

## ANSVARSKOMITÉEN:

Medlem og vara:

Sølvi Østhus, Tora Sandanger, Øyvind Sandanger,  
Jostein Østhus, Oddbjørg Maaland, Inger Marie Egeland,  
Dag Olav Sæbøvåg og Heidi Bø Sangedal.

Heidi førebur saker og kallar inn til møter.

Sølvi er sekretær.

Komitéen har hatt 4 møter.

## ANG. COVID-19:

På grunn av smittevern i samband med Covid 19 - pandemien har året dessverre vore prega av avlysingar, men me er glad for dei arrangementene me klarte å gjennomføre.

Nytt i år er at me har sendt fleire gudstenester og arrangement digitalt på facebooksida vår Fogn kyrkje. Sendingane har hatt mange visningar (ca 400 - 1600).


## BIBELLESING:

Året starta med at me hadde Me les Bibelen 5.-19. januar, me bruker ca 84 timer på å lese Bibelen høgt saman. Dette er ein fin måte å starte året på.

Det har blitt ein tradisjon at me gjere det kvart 7. år og det er eit samarbeid med **Unni Østhus**. I år kunngjorde me 3 spesielle arrangement i denne perioden.



Sokneprest **Terje Engstrøm** hadde ei samling med fokus på Johannes døyparen og samanhengen mellom gamle - og det nye testamentet.

I veka etter var **Solborg folkehøgskole** v/Marit Anmarkrud og elevar på dramalinja med og dramatiserte fleire kjente bibelforteljingar. Det var ca 30 innom og las Bibelen, i tillegg var 35 på møte med Terje og 50 (familieforestilling) og 30 på dramatiseringen ved Solborg folkehøgskole.



# BIBEL MARATHON

# BIBEL DRAMA



**SOLBORG  
F.H.S.**

## ORDINÆRE GUDSTENESTER:


Me har hatt 11 ordinære gudstenester ved våre to sokneprestar, i tillegg til Anders Kvalevåg (august) og Frank Skofteland (sept.) Grunna smittevern har det vore begrensningar i plasser på gudstenestene og fleire gudstenester i vår blei avlyst.

Tor Egil Eriksen slutta i august, og frå og med 1. okt. er Ola Aasland Vold sokneprest i Talgje sokn. Inkludert dei 11 gudstenestene er Drive in gudstenesten me arrangerte i lag med Fogn misjonsforsamling 1. påskedag i ei tid då alle innendørs arrangement ikkje var lov pga smittevern. Sokneprest Terje Engstrøm hadde preike og takk til Geir, Dag, Tora og Anne for song og musikkbidrag.


I tillegg kjem friluftsgudstenesten i Eidsvåg, tusen takk til Wenche og Øskar for godt samarbeid og god tilrettelegging. I år var denne ved Tor Egil Eriksen og Messing var ansvarleg for det musikalske og det blei ein flott dag i Eidsvåg.


## ORGANISTVIKAR:

Det har vore behov for organistvikar: Silje Aandstad, Geir Eskeland, Arne Sigurd Mossige og June Joanna Hovda har vikariert. Me fekk i mars ansatt fast organist Bjørn Terje Bertelsen.



# ÅRETS KONFIRMANTAR FOGN KYRKJE 2020





# FRILUFTS- GUDSTENESTE I EIDSVÅGEN



## BØNN OG LOVSANG:

Me har hatt ein Bønn og lovsangskveld ein søndag i haust v/lokal komite (Margunn Hovda, Ingunn Sandanger, Anne S Østhus, Monika Stensland, Tanja Sandanger Giske og Heidi Bø Sangedal). På det møte var Brit Sølv Vågane med som talar i lag med lokale sangerar.

I tillegg har det i samband med jul vore skulegudsteneste og julevandring med barnehagen. Reidun Bråtveit vikarierer i Trusopplærarstillinga og har vore med på samling med dei yngste og hausttakkefesten og Julevandringa med barnehagen.

## ME SYNG JULA INN:

Me arrangerte Me syng jula inn i lag med Wictor Juul og lokale krefter. Dette var eit kjørkomme arrangement for dei 50 som fekk lov til å vere i salen.

Me sendte heile arrangementet direkte digitalt på Facebook. Dette takka vere flott film- og lydutstyr som er kjøpt inn av Stavanger krk fellesråd til bruk i sokna våre.

Østhus media hadde ansvar for filming og fekk eit vederlag for dette via Fellesrådet sine midler tildelt til digitale sendingar i advent og jul.

Indre sjømannsmisjon hadde i haust tre møter i kyrkja.





# JUL I FOGN KÝRKJE

PÅ JULEKVELDEN

Korona restriksjonane gjer at forsamlinga  
er liten og heller ikke får syngja. Men me  
feirar gudsteneste slik det er mogleg.



## DUGNADER:


Innedugnaden i vår måtte me avlyse og den er heller ikkje blitt gjennomført seinare. Me har fortsatt ei vaskeliste og frivillige vaskar i kjellaren ved behov.

Ute er det gjort ferdig vedlikehald på parkeringsplassen, dette er ein jobb utført av Sandanger Maskin og betalt av Stavanger krk fellesråd. Det er komme 4 stk utelys på parkeringsplassen, desse er kosta av innsamla basarpenger og forarbeid til installering er gjort på dugnad.

## ANSVARSKOMITÉEN:

Ansvarskomiteen har ein eigen konto. Denne kontoren er mest brukt opp nå ved innkjøp av nye lys ute. Basaren blei ikkje gjennomført, andre inntekter kjem frå torsdagscafeen og middagen me hadde tidleg på året. Desse pengane brukes til investeringar lokalt til det me treng i kyrkja vår, mest i kyrkjekjellaren og ute.

Utgifter til kyrkjekaffi dekkas av Talgje sokneråd sin generelle konto. På denne kontoen går også ofringar til eigen kyrkjelyd. Når det gjeld strømutgifter og utgifter til vasking, lysperer med meir er det dekka av Stavanger kyrkjelege fellesråd. Penger for utleige av kjellaren går no til Talgje sokn og til bruk lokalt.



# DUGNAD OG ARBEID



Del II.  
[AKTIVITETER]

## TØFFOGNÅDIG:

Tøffognådig: Leierar har vore: Kjersti Sandanger, Anne Strøm Østhus og Dag Olav Sæbøvåg. Det er ca 10 - 12 ungar frå 1. - 7. klasse som deltek. Koret har hatt 8 øvingar. Dei har sunge på Bibeldagen, Me syng jula inn og skulegudstenesten.

## HOBBY OG TRU:



Leierar har vore Marianne Skregelid Bø og Heidi Bø Sangedal. Me har bibelforteljing og bake- eller hobbyaktivitet. Dette samlar mellom 9-14 barn frå 1. klasse og nedover. Me har hatt 6 samlingar.

## KVELDSMØTE:

Det var planlagt 4 møter i løpet av året. Der første i februar var det me fekk til å gjennomføre dette året. Denne kvelden hadde Terje Engstrøm bibeltime over Jonas bok.

På grunn av smittevernreglar måtte dei andre utgå og me planlegg å komme sterkare tilbake i 2021.

# SAMLING MED TRUSOPPLÆRAR



TORSDAGSCAFÉ



## TORSDAGSCAFÉ:

Me har gjennom året hatt åpent i kyrkjekjellaren kl 11 - 14 torsdagar. Her er det kaffi og vafler. På grunn av smittevernreglane måtte me stenge ned frå midten av mars til slutten av mai. Me hadde åpent frå august til nov. så måtte me lukke igjen og hadde åpent ein siste gong før jul 17.des., då med julegraut.

På grunn av smittevern har me valgt å gjere det slik at **Trude Didriksen** har ansvar for kjøkken og betjening av kaffi og vafler. Det har vore 8 - 17 stk innom kvar gong. Kl 12 har me ei felles samling kor me les ein andakt frå ei bok. Oppi i kyrkjerommet er det anledning til å tenne lys og ha ei stille stund for dei som ønsker dette.

## KOMLEMIDDAG:

Me rakk éin komlemiddag før me måtte stenge ned matservering i mars. Det var ca 40 personar på middagen. **Thor Jansen** laga komlene. Planane var å kunne tilby litt andre rettar enn komler utover året, men dette blei som kjent ikkje gjennomført.

## KONFIRMANTJUBILÉUM:

I år var det ingen 50 årsjubilantar som blei invitert mulig blir årets jubilantar invitert i lag med neste års konfirmantkull. Det var heller ikkje samling for 25 årsjubilantane.

### FRIXVILLIGE:

I tillegg til leierar og dei som er nevnte over her har me og andre som bidreg med frivillig teneste.

### KYRKJEKAFFI:

Me har 12 personar som står på ei liste for kyrkjekaffi. Dessverre har me ikkje kunna tilby kyrkjekaffi inne etter gudstenestene siste halvåret. Gudstenestene før det og friluftsgudstenesten i Eidsvåg viser at folk set pris på kaffi og drøs.

### VASKEDUGNAD:

Det er 11 personar som vaskar kyrkjekjellaren på dugnad.

### TEKSTLESARAR:

Me har ei liste på 7 stk som les teksten i gudstenesten. Dette gjere også barn og konfirmantar.

## PLAKATAR:

Bernt Sunde har laga layout til plakatar og facebookside. Fogn kyrkje har eiga side på facebook kor me legg ut arrangement. Tusen takk til Bernt for den gode jobben han gjere med dette!

## PYNTING:

Pynting til høgtider og diverse andre arrangement: Liu Yang, Bjørn Eriksen og Anne Kristine Solberg Runestad har bidratt med sin kreativitet. Dette er me glad for og er det andre som har lyst å ha med blomster til vanlege gudstenester sett me pris på det. Sei i frå så kan me lage ei liste.

## LYD OG LYS:

Bjørn Runestad er vår mann på dette området og det er fantastisk å ha så god kompetanse lokalt.

## FILMING:

I samband med advent og jul gjorde me ein avtale med Østhus Media om filming av gudstenestene i des. og Me syng jula inn. Håvard fekk opplæring av Kommunikasjonsrådgjevaren i Stavanger krk fellesråd og lærte deretter videre til lokale folk som filma julafta og 2. juledag. Teamet har bestått av Østhus Media v/Håvard, Øyvind og Jørgen.

Del III.  
[AVSLUTNINGSSORD]

### AVSLUTNING:

Tusen takk til alle som gjere teneste i kyrkja.

Takk til **Talgje sokneråd** for inspirasjon til  
teneste og aktiviteter i 2020.

Takk til prestar og stab som bidrar til gode gudstenester  
som gir oss ny kraft og mot til videre teneste.

Takk til alle som kjem, og saman er med å skape  
eit godt fellesskap i kyrkja.

Me ser fram til komande år og ønsker Guds velsigning over  
arbeidet vårt og folket på Fogn.

